



Referat

Møte/utval:	Strategisk samarbeidsutval	
Møteleiar:	Mona Ryste/ Tanja Thalèn	
Referent:	Karethe Kristoffersen Aam	
Møtenummer:	5/2023	
Dato:	22.11.23	
Tid:	09.00 – 12.00	
Stad:	Teams	
<i>Vara medlemar møter berre ved særskilt innkalling.</i>		
Namn	Tittel	Møtt
LSU Volda		
Ottar Røyset	Leiar LSU Volda Kommunalsjef Hareid kommune	x
Mona Ryste, Leiar Strategisk samarbeidsutval	Nestleiar LSU Volda Rådgjevar Klinikk Volda sjukehus	x
LSU Ålesund		
Synnøve Vasstrand Synnes	Leiar LSU Ålesund Kommunalsjef Ålesund kommune	x
Jørn Åge Longva	Nestleiar LSU Ålesund Avdelingssjef medisin Ålesund sjukehus	x
LSU Molde		
Tanja Thalèn, Nestleiar Strategisk samarbeidsutval	Leiar LSU Molde Kommunalsjef Molde kommune	x
Trude Solenes	Nestleiar LSU Molde Kvalitetsrådgjevar, Klinikk SNR Molde	x
LSU Kristiansund		
Geir Nilsen	Nestleiar LSU Aure	x
Gudrun Karlsen	Leiar LSU Kristiansund klinikk SNR	x
Brukarrepresentant kommune		
Helge Hansen	PROFO (Prostatakreftforeininga)	
Brukarrepresentant helseføretak		
Paula Næss Skår	Leiar Brukarutvalet HMR	x
Fastlege/PK		
Stian Endresen	Fastlege Ulstein kommune Leiar praksiskonsulentordninga HMR	x
Fast vara fastlegar/PK		
Thilde Svela	Fastlege Molde kommune, praksiskonsulent	x
Observatør Statsforvaltaren		
Grethe Teigland	Direktør Helse- og sosialavdelinga	x
Felles samarbeidssekretariat		
Eli Otterlei	Samhandlingssjef HMR	x
Karethe K. Aam	Rådgjevar i samhandlingsseksjonen, HMR	x
Bjørn Buan	Samhandlingskoordinator Nordmøre (NIPR)	x



Referat

	kommuneoverlege Surnadal Kommune	
Bodil Haugen Våge	Leiar samarbeidssekretariatet/ Samhandlingskoordinator (SR)/felles sekretariatsfunksjon kommunane Rådgevar Ålesund kommune	Forfall
Oddvar Marøy	Samhandlingskoordinator Søre Sunnmøre (SR) og 7 stjerna	x
Stian Endresen	Leiar praksiskonsulentordninga, fastlege Ulstein kommune	x

Saksliste

Sak nr.	Sak	Tidsplan	Ansvarleg
	Velkomne!	0900	Mona Ryste
28/23	Godkjenning av innkallinga. Innkallinga vart godkjend. Innmelding av eventuelt saker. Ingen saker til eventuelt. Godkjenning av referat frå førre møte-Sjå referatet HER . Referatet vart godkjend.	0905-0910	Mona Ryste
29/23	Vedtaksak: Byte av rolla leiar og nestleiar i Strategisk samarbeidsutval Kort orientering frå Mona Ryste. Følgjande vedtak vart fatta: Vedtak: <ol style="list-style-type: none"> SSU vedtek at HMR HF og kommunane sin representant byter rolle som leiar og nestleiar i Strategisk samarbeidsutval for dei neste 2 åra i valperioden. Tanja Thalèn konstituerast som leiar i SSU. Siv Jensen konstituerast som nestleiar i SSU. 	0910-0925	Mona Ryste Tanja Thalèn
30/23	Vedtaksak: Innmelding av saker til SSU i Helsefelleskap Møre og Romsdal - innmeldingsskjema og retningslinje for å melde inn saker. LSU Volda: Positiv til forslaget, men for omstendelige retningsliner for innmelding av	0925-0940	Tanja Thalèn Bjørn Buan



Referat

	<p>saker. Kan det vere meir ope kven som kan melde inn saker?</p> <p>LSU Molde: Positiv til forslaget, men alle bør kunne melde inn saker. Skjema for omfattande, bør forenklast, forslag om digitalt skjema, eventuelt få til digitalt skjema på sikt. Vi bør få ein oversikt jamleg til SSU om kva for sakar som er meldt inn, og kva for sakar som skal takast vidare i SSU eller i andre utval.</p> <p>Brukarrepresentant Paula: Vi bør også kunne melde sakar som fungerer godt og korleis ein kan breidde godt arbeid.</p> <p>Mona R.: LSU Volda deler LSU Molde sitt syn. Det går føre seg mykje bra samhandling og dette bør også kunne meldast. Det bør ikkje vere berre samarbeidssekretariatet som avgjerd vidare sakshandsaming. Dette må avgjerast saman med leiar og nestleiar i SSU.</p> <p>Praksiskonsulent og fastlege Stian E.: Positiv. Viktig at vi kjem i gang. Skjemaet er bra. Vi bør kome i gang frå 01.01.24.</p> <p>Geir N., LSU Kristiansund: Mange gode innspel, tenker at forslagsretten må vere forankra i avtalen. Kan utvidast til brukarar og fastlegar. I forhold til digitalisering kan vi stadfeste korleis vi vil ha det og oppmode HMR HF til å utvikle ei slik løysing.</p> <p>Tanja T.: Vi kan gå glipp av gode innovative idear som kan kome frå tilsette og for innbyggjarar i fylket dersom vi avgrensar kven som kan melde inn saker.</p> <p>Stian E.: Kven skal sile dette? Det setter i gang arbeidsprosessar. Nokon må rettleie.</p> <p>Bjørn B.: Det vil kunne kome førespurnadar/saker frå fleire hald som kan</p>		
--	---	--	--



Referat

	<p>rettast mot LSU, FSU og SSU. Ser ein for seg at innspel skal kome i fri tekst? Her er tanken at saker skal vere gjennomtenkte og godt grunngjevne. Korleis skal helsefelleskapet bygge stein på stein? Det bør leggest opp til god sakshandsaming og dermed er skjema den beste løysinga.</p> <p>Mona R: Viktig med god sakshandsaming. Synes likevel vi gjer det for kompleks. Sakene er kanskje litt for styrt av sekretariatet. Eg trur at vi ikkje kjem til å få så mange innmelde saker. Vi kan gå på ei periode der vi prøvar ut og sjå om dette kan vere vegen å gå. Skjema og saksgang kan forenklast.</p> <p>Gudrun K.: Er det mogeleg med ei todeling? Forslag frå innbyggjarar og saker meldt frå medleamar i helsefelleskapet? Bruke AI til sortering?</p> <p>Eli O.: Sekretariatet ønsker meir involvering og fleire innmelde saker - større engasjement. Forslag: Melde saker til helsefelleskapet her med link til Bodil si e-post adresse? Det er nok ikkje eit stort problem at vi får ein straum av saker.</p> <p>Diskusjon gjekk fram og tilbake. Ulike syn på løysingar. Vi landa på følgjande vedtak;</p> <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. SSU vedtek mal og retningslinje for innmelding av saker med dei korrigeringar ein vart einige om i møtet. (forenkle noko, ope for alle medleamar i helsefelleskapet, saker bør hovudsakleg vere forankra i samarbeidsavtalen, oppstart ila av første kvartal 2024) 2. SSU gir fagutval for IKT i oppdrag å utforme eit digitalt skjema. Presenterast i SSU 24. januar 2024. 3. Løysinga evaluerast ila første halvår 2024 		
--	--	--	--


Referat

31/23	<p>Vedtaks sak: Endring av namn på fagleg samarbeidsutval for IKT-løysingar og elektronisk samarbeid.</p> <p>Denne saka vart vedteken utan diskusjon.</p> <p>Vedtak: SSU vedtek å endre namn på fagleg samarbeidsutval for IKT-løysingar og elektronisk samarbeid til <i>«Fagleg samarbeidsutval for digitale helsetenester og eHelse»</i></p>	0940-0950	Tanja Thalèn Eli Otterlei
32/23	<p>Orienterings- og drøftings sak: Førebuing av årsmeldinga for Helsefelleskap M&R 2023</p> <ul style="list-style-type: none"> - Erfaringar så langt - Struktur og innhald? - Gevinstar og mål med årsmeldinga? <p>Innspel frå statsforvaltaren: Kan årsrapporten seie noko om dei fire satsingsområda, kva som er behandla og vedtatt og status i forhold til iverksetting?</p> <p>Frå sekretariatet vart det tatt opp om det er ok å innarbeide årsrapport for samhandlingsavvik i årsmeldinga for Helsefelleskapet. Vidare om det er greitt at årsrapporten blir noko forenkla i år. Vi lanserte nytt skjema for samhandlingsavvik i februar 2023. Vi er enda ikkje i mål med utvikling av dashbord og vi har uansett ikkje konsistente tal for 2023 fordi det nye skjema fyrst kom i februar. Ein fullstendig årsrapport for samhandlingsavvik fordrar ei manuell teljing.</p> <p>Vi diskuterte også om vi bør revidere malen for årsrapport som vert send til dei faglege utvala og dei lokale utvala for utfylling. Malen utfordrar mellom anna dei faglege utvala og LSU til å 3-4 viktigaste tiltaka ein har jobba med. Bør kanskje kome inn eit punkt om arbeidet med dei prioriterte gruppene.</p>	0950-1020	Tanja Thalèn Oddvar Marøy



Referat

	<p>Vi landa på følgjande vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. SSU ber sekretariatet sjå på mal som var utarbeidd i fjor og endre ut i frå dei innspela som kom fram i møtet. 2. Samhandlingsavvik innarbeidast i årsrapporten for 2023. 		
	PAUSE	1020-1030	
33/23	<p>Orienterings- og drøftings sak: Framtidig behov for spesialisert rehabilitering og kjøp frå private rehabiliteringsinstusjonar.</p> <p>Presentasjon av prosjekt i regi av Helse Midt-Norge når det gjeld behovsvurdering av rehabilitering i Helse Midt-Norge v/prosjektleder Gunn Hege Marchand, Seniorrådgiver, Helse Midt-Norge RH</p> <ul style="list-style-type: none"> - Arbeidsgruppe med representasjon frå kommunal side. - Informasjon om arbeidet som potensielt kan ha stor innverknad på kommunane. - Arbeidet skal ferdigstillast i desember. <p>Medlemmer i den regionale arbeidsgruppa var med under denne saka: runa.bakke@orsta.kommune.no Mariann.Hagerup.Gammelsether@helse-mr.no Ingvild.Kjeldberg@helse-mr.no eirin.m.furseth.liadal@helse-mr.no</p> <p>Medlemar i fagleg utval for rehabilitering var også invitert inn i møtet på denne saka.</p> <p>Marchand gav ei orientering om rapporten. I hovudsak vil rapporten seie nokon om at det er behov for:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Å standardisere opphaldstider • I større grad å nytte digitale tenester 	1030-1130	Tanja Thalèn Eli Otterlei



Referat

	<ul style="list-style-type: none"> • Ei dreining mot dagopphald og polikliniske konsultasjonar • Betre samhandling med kommunane. <p>Vidare vil rapporten seie noko om at det er behov for å redusere kjøp noko:</p> <ul style="list-style-type: none"> • Det er behov for ei utjamning mellom regionane. Helse-Midt kjøper meir privat spesialisert rehabilitering enn andre regionar. • Helseføretaket har spilt inn redusert behov for mange delytingar og peikar på desse områda: <ul style="list-style-type: none"> ○ ARR (arbeidsretta rehabilitering) Kapasitet i HF og kommunen har hovudansvar? ○ Muskel og skjelettlidingar-kommunen har hovudansvar? ○ Hjerte/Lunge- kapasitet i HF ○ Sjukeleg overvekt- dårleg dokumentasjon ○ Nevrologiske sjukdomar-kapasitet i HF • Det blir maksimalt 10 % reduksjon pr. institusjon i 2024. <p>Viser elles til vedlagt presentasjon frå Gunn Hege Marchand.</p> <p>Det var stort engasjement i denne saka og vi hadde ei runde med spørsmål og diskusjon:</p> <p>Stian E.: Det er i stor grad fastlegar som tilviser til spesialisert rehabilitering. Kvifor er ikkje fastlege med i prosjektgruppa som utarbeidar rapporten? Kvifor nedtrekk i ARR? Kva med langtidsrehabilitering innan psykisk helse? Kva vil skje med Muritunet som er eigd av kommunane og fylkeskommunen? Vil vi få ei auke med kjøp av heilprivate rehabiliteringstenester no som det blir ei</p>		
--	--	--	--



Referat

	<p>strengare vurdering av kven som får spesialisert rehabilitering jf. prioriteringsrettleiaren?</p> <p>Ottar R.: 47 % avslag på tilvisingar til spesialisthelsetenesta. Kva handlar dette om? Kommunane må vere i utakt med vurderingane gjort i spesialisthelsetenesta.</p> <p>Gunn Hege M.: Skuldast en strengare praktisering av prioriteringsrettleiaren. Spesialisthelsetenesta må sørge for god overføring til kommunen.</p> <p>Ottar R.: Enorm forskjell på kommunane når det gjeld ressursar og kapasitet.</p> <p>Gunn Hege M.: Stor forståing for dette, men det er kome signal om at kommunane må bygge opp sitt tilbud, gjerne gjennom interkommunale samarbeid.</p> <p>Stian E.: Nevrologane får også avslag når dei tilviser til St.Olavs til dømes.</p> <p>Ingvild K.: Også internt i spesialisthelsetenesta kan ein ha forskjellig oppfatning om kva spesialisert rehabilitering er.</p> <p>Paula N.: Det er kome signal til brukarutvalet om at plassar i spesialisert rehabilitering reduserast. Dialogen med brukarorganisasjonane må vere god. Flytting av plassar frå MORK til Ålesund visar at det er viktig at brukarane involverast i desse vurderingane. For tre år sidan hadde ein ei stor kartlegging der ein såg på behovet for rehabilitering i Møre og Romsdal totalt sett. Kan noko i denne kartlegginga nyttast i denne rapporten? Og i kva grad har brukarrepresentantar vore involvert i utarbeiding av rapporten?</p>		
--	--	--	--



Referat

	<p>Gunn Hege: To brukarrepresentantar i prosjektgruppa. Det er også sendt ut info til høyring i brukarorganisasjonane.</p> <p>Mona R.: Vi må ha gode rehabiliteringstenester. Eg ser med uro på at ein gir så mykje avslag. 24 plassar ledig på Fys.Med., men berre 13 pasientar innlagt pr. i dag. Samtidig gir ein avslag. Kvar er samordninga når det gjeld inntak regionalt og lokalt i Møre og Romsdal? Ein snakkar ikkje så høgt om at HMR HF blir trekt i ramme når rehabiliteringsplassar blir ruta ut av fylket.</p> <p>Gunn Hege M.: Tilvisingsflyt mellom offentleg og private rehabiliteringsplassar er ikkje god. Mykje uro med omsyn til avslagsprosent. Vi ønsker å gjere det meir likt, i tråd med prioriteringsretteleiar. Vi må arbeide på ein betre og meir effektiv måte.</p> <p>Siri T. Frilund: Det er naudsynt å sjå på utviklinga. Det at det stillast spørsmålsteikn ved spesialisten si vurdering på dette området, det bør vere til ettertanke.</p> <p>Stian E.: Det blir ei overflytting av arbeidsoppgåver til kommunar og kanskje også vidare til brukarorganisasjonar.</p> <p>Gunn Hege M.: Ikkje einig i denne framstillinga, det er ei ønska utvikling at vi skal jobbe etter beste effektive omsorgsnivå (BEON).</p> <p>Mariann G.: Ein del av oppdraget vi har er å sjå på behovet for kjøp av private tenester. Då må vi samtidig sjå på kva oppgåver vi kan ta tilbake i den offentlege spesialisthelsetenesta. Pasientane ønsker ikkje å vere innlagt lenger dei må. Derfor ei dreining mot dag og poliklinikk. Det er ikkje slik at vi skal gi eit dårligare tilbod, men eit meir tilpassa.</p>		
--	--	--	--


Referat

	<p>Stian E.: Kva er fag og kva er økonomi?</p> <p>Gunn Hege M.: Rapporten er ei rein fagleg vurdering. Det blir fatta eit vedtak om økonomisk ramme på bakgrunn av rapporten som utarbeidast.</p> <p>Geir N.: Oppfattar det slik at vi no har eit høgare forbruk av spesialisert rehabilitering enn elles i landet? Det har vel ikkje alltid vore slik? Kan du seie litt om utviklinga?</p> <p>Gunn Hege M.: Kan ikkje seie noko om utviklinga. Eg har sett på tala frå 2019 til no. Du har rett i at det var ei auking i den førre anskaffingsrunda. Vi brukar meir på kjøp av privat spesialisert rehabilitering enn elles i landet.</p> <p>Stian E. : Vi har sterke og svakare pasientorganisasjonar. Kreft og hjerte har sterke, kva med overvekt, lunge til dømes?</p> <p>Gunn Hege M.: Fokus på faglege vurdering, vi må sjå på effektivisering, justering av tilbodet.</p> <p>Ingvild K.: Dette er ei fagleg vurdering for kven som bør ha tilbod om kva i spesialisthelsetenesta.</p> <p>SSU gjorde følgjande vedtak etter orientering og diskusjon:</p> <p>Vedtak:</p> <ol style="list-style-type: none"> 1. SSU tek saka om framtidige behov for spesialisert rehabilitering og kjøp frå private rehabiliteringsinstitusjonar til vitande. 2. Innspel frå SSU og faglege utval skal sendast skriftleg til Runa Bakke, kommunal representant i prosjektgruppa. Frist for innspel: 10.12.23. 		
--	---	--	--


Referat

	<p>3. Saka skal følgast opp i SSU 24. januar når endeleg rapport frå arbeidsgruppa ligg føre.</p> <p>Innspel direkte i møtet frå SSU: Det bør leggst fram ei historisk oversikt over korleis omfanget av spesialisert rehabilitering blir gitt i HMR HF i forhold til Helse Midt, og omfanget av spesialisert rehabilitering i Helse-Midt i forhold til resten av landet.</p>		
	PAUSE	1130-1140	
34/23	<p>Innspel og oppsummering etter Utvida samarbeidsmøte 14.11.23</p> <p>- Ordet fritt!</p> <p>Fleire opplevde samlinga som god med aktuelle tema og god balanse mellom kommune og helseføretak perspektivet. Nokre meinte at det ikkje var nok rom for kritiske synspunkt på HP. Innspela og det som kom fram i evalueringa takast med i planlegginga av neste PM og utvida samarbeidsmøte.</p> <p>Saka vart lagt fram utan framlegg til vedtak.</p>	1140	Tanja Thalèn
	Takk for møtet!	1200	Tanja Thalèn